

AVGJERD nr. 161**av 15. februar 1996**

om refusjon frå den kompetente institusjonen i ein medlemsstat av utgifter som har kome på under eit opphald i ein annan medlemsstat, etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 34 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 574/72(*)

(96/249/EF)**DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN TIL DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA FOR TRYGD FOR VANDREARBEIDARAR HAR -**

med tilvising til artikkel 81 bokstav a) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71, der han vert pålagd å handsame alle administrative spørsmål som melder seg i samband med forordning (EØF) nr. 1408/71 og forordning (EØF) nr. 574/72,

med tilvising til artikkel 34 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 574/72 og

ut frå desse synsmåtane:

Den kompetente institusjonen skal setje i verk den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 34 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 574/72.

Denne framgangsmåten er ei administrativ forenkling og fremjer snøgg refusjon til gagn for den trygda.

Difor bør det gjevast betre høve til å nytte framgangsmåten ved å heve den maksimumsgrensa som er fastsett i avgjerd nr. 149 av 26. juni 1992, og følgjeleg må avgjerda bytast ut.

Denne avgjerda er teken på dei vilkåra som er fastsette i artikkel 80 nr. 3 i forordning (EØF) nr. 1408/71 -

TEKE DENNE AVGJERDA:

1. Føresegnene i artikkel 34 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 574/72 skal nyttast berre når dei samla utgiftene som har kome på under det mellombels opphaldet, er lågare enn eller lik ein sum som kvar medlemsstat fastset, og som ikkje må overstige 500 ECU.
2. Når dei føresegnene som er nemnde i nr. 1, vert nytta, skal dei utgiftene som har kome på, reknast om etter den omrekningskursen som gjeld den månaden refusjonen finn stad.
3. Avgjerd nr. 149 av 26. juni 1992 vert bytt ut med denne avgjerda, som tek til å gjelde første dagen i månaden etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Giuseppe MICCIO

President for Den administrative kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 83 av 2.4.1996, s. 19, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 62/96 av 22. november 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.